

FBI som biblioteksbesökare

Anders Ericson

Från litteraturen och filmen känner vi bilden av bibliotekarien, denna eviga grå biroll, som mest finns där för att vara en kontrast mot hjältarna. Men i den elektroniska tidsåldern kan bibliotekarien och biblioteken bli blodigt allvar, både i dikt och verklighet. I populärkulturen bryter hjälten ofta (och orealistiskt) mot bibliotekets etik. USAs efterkrigshistoria visar dessvärre att det är fritt fram för FBI i bibliotekens låntagregister.

Med unntak av i Jon Bings ungdomstrilogi om bibliotekromskippet Alexandria, er bibliotekaren i skjønnlitteraturen den kjedelege, helst einsame kvinnen med knute både i nakken og i sjela, men som ein sjeldan gong kan slå ut i full blom i møte med Den Rette. Eventuelt i ein meir reflektert variant som i Vigdis Hjorths siste roman, "Snakk til meg". Eller som ein grå mannsperson av aspergertypen, gjerne med eit uforløyst forfattarskap, jamfør Dag Solstads T. Singer.

Men bibliotekarane og biblioteket kan brukast til meir, særleg i kriminalsjangeren. Og då tenkjer vi ikkje først og fremst på etterforskar Robert Goren i politiserien *Law & Order*, han som erklærer at lånekortet på biblioteket er det viktigaste arbeidsverktøyet hans. Goren er ein svært kunnskapsrik og skarp, men sjølvlært detektiv. *A library made man*.

Nei, med vantru må vi som valde dette yrket, ikkje reint sjeldan vere vitne til korleis krimforfattarar sender troppane sine til biblioteket for å tråle lånarregistra! For kriminelle har utruleg lett for å etterlate seg på åstaden eller i heimen lånekort frå eit bibliotek i nærleiken (forfattarane har ikkje fått med seg tilkomsten av det nasjonale lånekortet, eller latar som det ikkje finst, for det ville komplisere saka når vi no nærmar oss klimaks og det berre er eit kvarter igjen av filmen eller femti sider av boka. No er vel forresten Noreg omrent aleine om å ha naisonalt lånekort). Og på desse biblioteka, gjerne skildra med stor sans for dempa, saktmodig atmosfære frå 1950-talet (uavhengig av når handlinga finn stad), finst det sjølv sagt register over kva skurkane har lånt av særskilte kompromitterande litteratur. Og desse regista er det kurrant for etterforskarane å få tilgang til, ved hjelp av autoritet og/eller list. Og vi, bibliotekarane, sit der og dirrar av harme over slike urealistiske grep: Datasystema våre slettar jo automatisk alle personopplysningane straks bøkene er innleverte!

Den korrupte bibliotekaren

Eitt kjent døme, faktisk eit dobbelt døme, på snoking i lånardata finst i krimforfattar Ian Rankin sin John Rebus-roman *Black and blue* (1997, på norsk i 2001), der det skotske nasjonalbiblioteket i Edinburgh er åstaden. Først byd ein legendarisk seriemordar, kjend som "Bible John", ein bibliotekar fem hundre pund for å få sjå kven som har lese om "merittane" hans i avisar og bøker. Desse opplysningsane ligg sjølv sagt føre, i alle detaljar, og han får dei på eit fat. For trass i tre eller fem års høgskoleutdanning er bibliotekarar låglønte, både i det verkelege livet og ifølgje bibliotekarmaforen.

Bible John sitt motiv for biblioteksnokkinga er irritasjonen over ein frekk "copycat" som kallar seg Johnny Bible og som går rundt og drept folk etter BJ sitt gamle, gode mønster.

Dette må vere ein som har lese alt om "originalen" sine metodar! Då må han sjølv sagt døy. Men så kjem etterforskar Rebus på same ideen og kommanderer assistent Siobhan ut på bibliotekbesøk. Og ho får like lett vindt vite alt, medrekna eit signalement på den første snushanen.

På dette tidspunktet



sit vi under leselampa eller ved tv-en og ergrar oss grøne over at alt går som smør, også for ordensmakta. Vi kjenner jo biblioteketikken ”Beslag og utleveringspålegg” ut og inn, der personvernet er nærmast ufråvikeleg, og vi kan alt om kapittel 16 i straffeprosesslova om (som sikkert har ein britisk parallel) og veit at politiet skal leggje fram skriftleg rettsavgjerd om dei skal kome nokon veg ved slike høve.

I etterordet takkar Rankin nasjonalbiblioteket for kva det har hatt å seie for arbeidet hans med boka (”Som vanlig står jeg i stor takknemlighetsgjeld til ...”), men han har neppe spurt bibliotekarane til råds om etikken rundt å utlevere lånaropplysningar.

Librarygate

Så har vi det klassiske dømet frå 1970-talet: Dokumentarboka og filmatiseringa ”Alle presidentens menn”, om Watergate-skandalen der to journalistar, *Bob Woodward* (Robert Redford i filmen) og *Carl Bernstein* (Dustin Hoffman), påviser at den republikanske president Nixon kjende til eit innbrot i Demokratane sine vallokale - før det fann stad. Eit journalistisk stykke arbeid som ført til presidentens fall. Både boka og filmen blei store suksessar (fire Oscar), og hovudpersonane blei førebilete for verdas gravande journalistar for all framtid.

Dette er altså ei sann historie, men det skal framleis vere ein del mystikk rundt detaljar i gravejobben dei utførte. I tillegg til visse justeringar i filmversjonen som det ikkje finst grunnlag for i boka. Til dømes den underordna bibliotekaren i Library of Congress, som, i strid med reglar og etikk, overleverer Woodward og Bernstein alle tingingane dei hadde fått på bøker frå Nixon-administrasjonen. Bibliotekaren er i filmen gjort til ein afroamerikansk halv-hippie; noko kommentatorar i faget meiner var usannsynleg på 70-talet. Er dette ein måte regissøren ”politiserer” og mildnar brotet på biblioteketikken på? No blei ikkje innsynet i desse tingingane noko vendepunkt i det journalistiske gravarbeidet, men episoden utgjer ein del minutt i filmen. Etikk- og regelbrotet er kommentert på fleire biblioteknettstader, som til dømes på bloggen Libraries at the Movies ”A government that steals library slips is capable of anything”.

Woodward og Bernsteins første bibliotekkontakt var likevel på telefon med ein bibliotekar i Det kvite huset. Ho var først særslausmunna og stadfesta at administrasjonen hadde lånt mykje frå kongressbiblioteket, men måtte innan neste samtal, då ho hadde lova informasjon på person- og tittelnivå, ha blitt grundig sett på plass av ein overordna. Ho nekta då for alt ho hadde sagt tidlegare.

Så skal det også seiast at journalistane sitt første møte med kongressbiblioteket var med ein etisk uklanderleg bibliotekar som ”på en høflig måte” fortalte at ”alle henvendelser fra Det hvite hus var konfidensielle”. I filmen er han nærmast triumferande når han kan avvise snushanane. Men dette går

heller ikkje fram av boka. Så uavhengig av våre sym- eller antipatiar med Nixon kan filmen sjåast på som eit biblioteketisk framsteg samanlikna med boka. Om enn ikkje samanlikna med sanninga?

Mystisk database

Nok eit døme er filmen Seven (på plakaten gjerne med ein 90 graders motsols vriden ”v”: ”Se7en”) frå 1995, med *Brad Pitt* og *Morgan Freeman* som politiduo i belasta storbymiljø med (nok ein gong) ein seriemordar gåande laus. Her er mordaren klassisk skolert og drep folk etter inspirasjon av dei katolske sju dødssyndene (jamfør Dante m.fl.). Gjennombrotet i etterforskinga kjem når detektivane skaffar seg full oversikt over kven som har lånt bibliotekbøker om temaet. Dette er på mange måtar ein sterk og original film (som også kom i bokform, men først etter at filmsuksessen var eit faktum!). Men ein relativ nedtur for bibliotekarane i salen. For også krim skal då vere realistisk!

Det spesielle her er ikkje at bibliotekarar lar seg lure eller overtale til å levere frå seg persondata, men at rollefiguren til Freeman, den eldste og mest illusjonslause av dei to etterforskarane, kjenner ein som kjenner nokon som har tilgang til ein hemmeleg

FBI-base der alle bibliotektransaksjonar blir lagra, særleg når det gjeld klandestint pirrande boktitlar!

Vi irriterte oss naturleg nok over at ein populær film på denne måten set grillar i hovuda på folk om at biblioteksistema tek som silar. For dette trudde vi ikkje eit sekund på då vi såg filmen i Oslo i -95 (det må sjølv sagt ha vore på Eldo, også kjend som Eldorado kino).



Rett nok var det i 1995 fleire år sidan den britiske frilansjournalisten *Duncan Campbell* hadde skrive om det vestlege systemet for tele- og dataovervaking, etter kvart kjent som Echelon. Enno har ingen av deltakarnasjonane (USA, UK, Canada, Australia og New Zealand) offisielt stafesta eksistensen av det, sjølv om EU i 2001 gjorde ei kritisk utgreiing om konsekvensane av det og Europaparlamentet faktisk vedtok at ”det ikkje lenger er tvil om systemet finst” (!). Ved hjelp av telesatellittar skal Echelon framleis utføre både innsamling og analyse av data. Metoden kallast datamining; her fangar systemet automatisk opp ”nøkkelord” (typisk: ”bomb”)

i ein telefonsamtale, sms eller e-post osv., som i neste omgang utløyser grundigare analyse og overvakning av dei som samtalar om dette.

Noko av det same har USA seinare gjort i programmet TIA (Total Information Awareness Program), som blei stoppa då Kongressen fekk nyss om det i 2003, men som ifølgje rykta er vidareført som fleire delprosjekt. Her kopierte dei og samla alle mulege data i full tekst, frå internettinnhald til kredittkortdata. Slik dei også gjorde i endå eit program som blei stoppa, ADVISE, som skulle produsere "trugsmålsprofilar" på alle innbyggjarane.

Men at dei skulle våge seg på bibliotektransaksjonar?!

"Biblioteksporet" i røynda

Vi trudde og håpa vel at "biblioteksporet" for det meste var eit naudgrep som krimforfattarar og -regissørar tydde til når alle andre plot var oppbrukte og konjunkturane i Hollywood kravde billegare verkemiddel enn bilkrasj og bensinbombing av skyskraparar.

Men det var før vi hadde sett oss inn i den samanhengande historia om korleis overvakkinga i den verkelege verda har utvikla seg. Og ikkje minst om kva for ambisjonar overvakarane og oppdragsgjevarane deira har, særleg i USA, men no også i EU. Ei utvikling der biblioteka i all stille er tildelt ei ikkje uviktig rolle, ikkje berre lånarregistra deira, men i endå større grad andre personlege elektroniske spor som brukarane legg igjen på biblioteka. Og dei er ikkje få etter kvart.

I USA kan det "politiske" biblioteksporet ha vore varmt alt under McCarthyismen og heile Den kalde krigen. I alle fall hadde politiet i New York på byrjinga av 1950-talet, då "*The Mad Bomber*" herja i byen, kome på ideen at dei kunne spore opp og forhøyre alle som hadde lånt bøker om sprengstoff. Men truleg var 1970 eit viktigare år. Då bad ein senatskomité om igangsetting av eit program for å undersøke "mistenke brukarar av sprengstoff". Ein del av programmet gjekk ut på å finne ut kven som lånte bibliotekbøker om sprengstoff - og om geriljakrig. Den nasjonale bibliotekforeininga ALA reagerte instinktivt og rådde medlemmane og biblioteka til å krevje å få sjå rettsavgjerder for å kunne tillate slikt innsyn. Ein senator, *Sam Irvin*, skreiv indignert at "Gjennom historia har offentleg overvakning av folk sine lesevanar vore ein lakkmustest på tyranni". Resultatet blei eit forlik og ein avtale med ALA om grenser og rutinar for slike førespurnader.

Så var det tyst i mange år, inntil New York Times i september 1987 avslørte FBI sitt til då hemmelege "*Library Awareness Program*". Her var målet todelt; å hindre at utlendingar, særleg frå austblokka, skulle få tilgang til "uklassifisert vitskapeleg litteratur" (!), og å verve bibliotekarar som rapportørar når utlendingar av denne typen brukte biblioteket til slike og endå

meir mistenkjelege føremål. Dette hadde FBI hatt gåande sidan 1973, viste det seg.

ALA kom igjen kjapt på banen og erklærte at "bibliotekarane ikkje [er] ei forlenging av lovens lange arm eller av Storebror ser deg". Dei gjekk laus på FBI direkte og sa at byrået burde innsjå at "bibliotek, bøker og lesing er noko spesielt". Men to år seinare avslørte tidlegare FBI-tilsette at byrået hadde etterforska spesielt grundig dei som protesterte. Alt i alt blei det så pinleg at rikskjende satirikarar laga vitsar om det. Mykje tyder på at heile programmet døydde ut. I alle fall har FBI vilja at det skulle sjå slik ut.

Nine Eleven

Men så kom 11. september 2001. Fleire har skildra det som at styresmaktene då tok fram igjen alle gamle og nye overvakingsmetodar og -idear frå skuffar og skap og sette dei i arbeid over natta. Medrekna metodar og reglar som tidlegare var solid avviste på politisk hald. Den såkalla Patriotlova, The Patriotic Act, blei vedteken på under ein månad og utan reell debatt verken i samfunnet eller i Kongressen, stadfestar mange. ALA sleit lenge med i det heile teke å få sjå lovforslaget.

Protestane ar sterke i fagmiljøet samtidig som bibliotekarar, som folk flest, aksepterte å offre noko av privatlivet mot lovnader om tryggleik mot meir terror. Berre éin senator våga å stemme imot dei to paragrafane i lova som betyr noko direkte for biblioteka og brukarane deira. Ordet bibliotek står ikkje i lovteksten, men ein paragraf i kapittel 215 gjev FBI rett til å krevje å få utlevert alle register, tekster, bøker osv. dei måtte ønskje. Til skilnad frå tidlegare treng dei verken leggje fram pålegg frå retten eller formell sikting, og materialet treng heller ikkje ha konkret interesse for pågåande etterforsking. FBI kan faktisk "fiske" etter persondata når og kor som helst. Ein annan paragraf seier at dei som får FBI-besök og må utlevere data, ikkje har lov til å informere om det, verken til lånarane, dei tilsette, pressa eller andre. Noko som fekk ein del bibliotek til å setje opp plakatar med ein tekst der dei med ein viss ironi føregreip akkurat dette. Den dåverande leiaren for ALA frårådde likevel slike plakatar, då dei kunne auke folks redsel for å bruke biblioteka.

Då det var ei høyring i samband med revisjonen av lova i 2005 kunne ikkje bibliotekarar med erfaringar med slike FBI-besök vitne, då dei altså var knebla av den same lova. Og fire modige biblioteksjefar og -styreleiarar, kalla The Connecticut Four, som faktisk trassa kneblingsparagrafen, måtte ha stand-in frå bibliotekforeininga då dei, anonymt, fekk tildelt ein ytringsfridomspris ved eit universitet. Etter over tre år med rettssaker fekk dei fire til slutt snakke, og har gjort det til gangs på bibliotekkonferansar og til pressa, men dei mange kollegaene deira som har opplevd det same, er i prinsippet knebla for resten av livet.

At bibliotekmiljøa protesterte, likte regjeringa därleg.



Q. How can you tell when the FBI has been in your library?

A. You can't.

The "Patriot" Act makes it illegal for us to tell you if our computers are monitored: be aware!

Justisminister John Ashcroft (med norske anar) hevda at bibliotekarane var ”hysteriske” og at Patriotlova ikkje var noko problem for dei, då ingen bibliotek hadde fått krav frå FBI som følgje av dei nye reglane. Dette stod i kontrast til fleire nettbaserte undersøkingar til bibliotek der mange stadfestar (ulovleg!) at dei hadde hatt besøk av FBI. I ei undersøking hadde 545 bibliotek hatt besøk. I kor stor grad dei hadde fått krav om utlevering av data er meir uklårt, truleg fordi å opplyse om dette ville vere eit endå alvorlegare brot på kneblingsparagrafen.

Levetida til Patriotlova er blitt forlenga, med nokre mindre endringar, men mange trudde heile lova ville bli oppheva i mai i år, då ein opphevingsklausul Levetida til Patriotlova er blitt forlenga, med nokre mindre endringar, men mange trudde heile lova ville bli oppheva i mai i år, då ein opphevingsklausul kunne trede i kraft. Og særleg etter at Bin Laden blei avliva. Men nokre av lovreglane blei vidareført i minst fire år til, blant desse FBI sin rett til å rekvisere personrelaterte data frå offentlege bibliotek. Bibliotekarane si trøyst var at det denne gongen var eit stort mindretal som røysta imot forlenging.

Europa kjem etter

Patriotlova har fått mange avleggjarar rundt i verda. Den svært aktuelle for oss er EUsitt Datalagringsdirektiv (DLD), som, med nokre modereringar, blei vedteke av Stortinget denne våren. EU-reglane omfattar ”berre” lagring av såkalla trafikkdata (kven kommuniserer med kven og når) og ikkje

innhaldet i kommunikasjonen. Men nyordningane etter 9/11 har til felles at styresmaktene no skal ha tilgang til alle data. I realiteten er vi alle mistenkte til det motsette er beivist. Det er ikkje lenger nok for styresmaktene å overvake mistenkte i konkrete saker.


DLD fører ikkje til at PST kjem på norske bibliotek og krev å få sjå lånardata. Men etter dette må leverandørane av nettenester også måtte lagre data om trafikken over biblioteket sine Internett-pc-ar. Og faktisk er data om bibliotekbrukarane sin pc-aktivitet svært ettertrakta i etterretningskrinsar. Dette skriv Jeannette Woodward om i boka ”What Every Librarian Should Know about Electronic Privacy”. Overvakarane har tru på at slike data frå biblioteket kan kople dei store mengdene rådata til konkrete personar. For når du på Nettet eller ved bibliotekskranken reserverer plass ved ein Internett-pc i biblioteket, skjer det med fullt namn eller også lånarnummer. Når desse listene ofte er databaserte, er det i USA kort veg til full oversikt over kva du har gjort på denne pc-en, frå surfing til e-postskriving og blogginnlegg.

Men Woodward meiner utbyttet av dette vil vere minimalt. Datamining og såkalla *mønsterattkjenning* av eit heilt folks milliardar av e-post, sms og telefonsamtalar fører ikkje til meir enn om lag ti konkrete mistenkte per år som er kvalifiserte for full avlytting. For, som også PST-sjefen stadfestar i tilfellet Anders Behring Breivik, er kvardagen til terroristar så lik den til alle oss andre, at dei ikkje vil skilje seg ut i dei store datamengdene. Og det hjelper lite å spe på med data frå

meir eller mindre ressurssvake borgarar på bibliotekbesøk. For det er jo i stor grad slike, og ikkje hardkokte terroristar, som bruker bibliotek-pc-ar (ja vel, ein av 9/11-kaprarane hadde ved eit høve brukt ein bibliotek-pc, men program for internettkryptering har eksistert sidan 1991). Og ekstra utsette blir nettopp biblioteksufarane, då dei er urøynde pc-brukarar som ikkje veit å vere tilbakehaldne med å utlevere seg på sosiale nettstader osv.

Lesevanar

Så sit vi igjen med at privatlivets fred smuldrar vekk, og det same med tilliten til biblioteket som ein nøytral oase i samfunnet. Dette er ekstra alvorleg for dei som verkeleg treng bibliotek-pc-ane, seier Woodward.



Fleire har påpeika den alvorlege ”kortslutninga” som ligg til grunn for heile ”biblioteksporet”, anten det handlar om å fakke kriminelle eller statsfiendar: Nemleg teorien om at folk som låner bøker går god for alt som står i dei. Har du lese ”Kapitalen” er du kommunist! Som etter attentatet mot president Reagan i 1981. Attentatmannen hadde lånekort på seg, noko som fekk politiet til å fatte spesiell interesse for lesevanane hans og ville sjå kva han hadde lånt. Biblioteksjefen måtte tolte nærmast tredjegrads forhør, men stod imot. Og det lokale bibliotekstyret og statlege styresmakter avviste kravet om innsyn. Men det var på 1980-talet.

Likevel kan kampen mot det orwellske samfunnet verke fånyttes. Den dagen eg legg siste hand på denne teksten (med unntak av den nødvendige oppdateringa etter 22/7, dessverre) skriv Aftenposten at på 58 % av alle norske arbeidsplassar, frå offshore til omsorg, er det ein eller annan type elektronisk overvaking av dei tilsette. Og i same utgåve kan vi lese om GPS som alternativ til både bomringar, veg- og bensinavgift og parkering. Ordførarar og rådmenn er entusiastiske. Artikkelen har tre setningar om skepsis i tilkyting til privatlivets fred.

Nyleg sa nokon at verda går meir i retning av Huxleys ”Vidunderlige nye verden” enn Orwells ”1984”. Med andre ord at vi snarare er i ferd med underhaldast og nyte oss i hel enn å kontrollere og terrorisere kvarandre. Sjølvsgart er dette to sider av same sak, og når det gjeld misbruk av bibliotekdata kan nok dessverre underhaldningsbransjen ha meir å hente framover.

Litteratur:

Woodward, Jeannette: What Every Librarian Should Know about Electronic Privacy 2007. ISBN 978-1-59158-489-6.

Bibsys

Adams, Helen R. et al.: Privacy in the 21st Century. 2005. ISBN: 1-59158-209-1. Bibsys

Sjue, Finn: Overvåket. Av F.S. og Ronald Bye. 2008. ISBN: 978-82-05-38163-6. Bibsys. Sambok

Artikeln har tidigare publicerats i författad version i Bibliotekforum 2011: 5 med titeln FBIs våte biblioteksdraumar